



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-X26
Arkivsaksnr: 20/245	Løpenr: 22/1282
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	24.02.2022	009/2022

### Høyring om forlenging av reglane om koronasertifikat

#### 24.02.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

corona sertifikat, foreslått av Anja Elisabeth Gjerde Markhus, Bygdalista  
Reglane om coronasertifikat blir forlenga.

om coronasertifikat, foreslått av Anja Elisabeth Gjerde Markhus, Bygdalista  
litt endra tekst på over. coronasertifikatet bør bli forlenga.

#### Handsaming:

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune sender inn høyringssvar, og stemmer imot vidareføring av koronasertifikat."*

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) sette framlegg til vedtak/høyringsuttale frå kommunen. Ho gjorde  
på bakgrunn av eit innspeil frå møteleiar ei lita korrigering i vedtaksfamlegget. Det endelege  
vedtaksframlegget hennar vart som følger:

*"Reglane om koronasertifikat bør bli forlenga."*

Det vart først røysta over framlegget til Anja Elisabeth Gjerde Markhus. 14 røysta for dette  
framlegget og 7 røysta imot.

For	Imot
Lena Tveit (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Solveig Vassenden (Bl)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Bjarte Linga (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Ove Totland (Bl)	Gunn Totland Moss (KrF)
Øyvind Steinsland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Oskar Røen (MDG)
Odd Arne Haga (Frp)	

Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Oddrun Lemme Sandvin (Ap)	
Monica Tjønna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Arild Røen (H)	

Det vart så røysta over framlegget til Gunn Totland Moss. 1 røysta for dette framlegget og 20 røysta imot. Gunn Totland Moss røysta for framlegget.

**KS- 009/2022 Vedtak:**

Reglane om koronasertifikat bør bli forlenga.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Dokument som er vedlagt:**

Kopi av høyringsbrev koronasertifikat

Høyringsnotat koronasertifikat

**Kva saka gjeld:**

Helse- og omsorgsdepartementet sende 11.02.2022 forslag om forlenging av dei mellombelte reglane om koronasertifikat i kapittel 4A i smittevernlova ut på høyring. Høyringsinstansane er mellom anna kommunane. Dei mellombelte reglane om koronasertifikat vart sett i verk 11.06.2021, og gjeld fram til 01.07.2022. Departementet foreslår no å forlenga reglane til 30.06.2023.

Bakgrunnen for forslaget er at departementet meiner at det av beredskapsomsyn er nødvendig å opna for bruk av koronasertifikat også etter 01.07.2022.

Departementet foreslår også ei justering av ordlyden i den mellombelte forskriftsheimelen for reglar om koronasertifikat (§ 4A-2 andre ledd i smittevernlova). Denne endringa skal presisera forholdet mellom § 4A-2 og lova sine reglar om smitteverntiltak, ved å tydeleggjera skiljet mellom avgrensing av smitteverntiltak og bruk av koronasertifikat som dokumentasjon.

Høyringsfristen er 04.03.2022. Ordføraren har bedt om å få opp saka i kommunestyret 24.02.2022. Det vil vera opp til kommunestyret om kommunen skal gje høyringsuttale.

Høyringa er publisert på regjeringa sine nettsider:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horingsnotat-forlengelse-av-reglene-om-koronasertifikat/id2900763/>

**Bakgrunnsinformasjon**

**Kva er koronasertifikatet?**

Som det går fram av departementet sitt høyringsnotat, er koronasertifikatet eit system for sikker og verifisert dokumentasjon av vaksinasjonsstatus, gjennomgått koronasjukdom (covid-19) og testresultat. Systemet bygger på EU sitt rammeverk «EU digital COVID Certificate».

Det er i kapittel 3 i departementet sitt høyringsnotat gjort greie for rettslege rammer og gjeldande rett knytt til bruk av koronasertifikat som dokumentasjon. Der blir mellom anna reglar i følgjande lover, konvensjonar, avtalar m.m. gjennomgått:

- Smittevernlova

- Grunnlova
- Den europeiske menneskerettskonvensjonen
- FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar
- EØS-avtalen
- EU-forordninga
- Personvernforordninga, personopplysningslova og helseregisterlova
- Likestillings- og diskrimineringslova
- Arbeidsmiljølova
- Covid-19-forskrifta

Høyringsnotatet følgjer som vedlegg til dette saksframlegget.

#### Forslag om forlenging av mellombelse reglar om koronasertifikat i kapittel 4A i smittevernlova

Bakgrunnen for forslaget om forlenging av dei mellombelse reglane om koronasertifikat i kapittel 4A i smittevernlova, er at departementet meiner me må vera førebudde på endra smittesituasjon og at det kan bli nødvendig å gjeninnføra strengare smitteverntiltak. Departementet skriv i høyringsnotatet at beredskapen framleis må vera høg og at me må kunne reagera effektivt. Departementet foreslår som nemnt ovanfor å forlenga reglane til 30.06.2023.

#### Forslag om justering av ordlyden i § 4A-2 i smittevernlova

Bakgrunnen for forslaget om justering av ordlyden i den mellombelse forskriftsheimelen for reglar om koronasertifikat i § 4A-2 andre ledd i smittevernlova, er å tydeleggjera skiljet mellom avgrensing av *smitteverntiltak* og bruk av koronasertifikat som *dokumentasjon*. Koronasertifikat kan brukast som dokumentasjon som skil mellom persongrupper ut frå vaksinasjonsstatus, gjennomgått covid-19 eller testresultat (differensierte smitteverntiltak).

Noverande ordlyd smittevernlova § 4A-2:

##### **§ 4A-2. Bruk av koronasertifikatet**

Ingen kan forskjellsbehandles på grunnlag av at de ikke kan fremvise koronasertifikat, med mindre bestemmelser i eller i medhold av lov gir adgang til dette.

Når sykdommen covid-19 utløst av SARS-CoV-2 regnes som en allmennfarlig smittsom sykdom, jf. § 1-4, kan departementet gi forskrifter for hele eller deler av landet om bruk av koronasertifikat som dokumentasjon på vaksinasjonsstatus, gjennomgått covid-19 og testresultat for SARS-CoV-2. Bestemmelser om at koronasertifikat er eneste aksepterte dokumentasjon kan bare fastsettes når det anses nødvendig med effektiv og sikker verifikasjon, og det etter smitteverntiltakets art og forholdene ellers ikke vil være uforholdsmessig.

Departementet sitt forslag til justert ordlyd smittevernlova § 4A-2 (endringar er markert med grøn tekstfarge):

#### *§ 4A-2 Bruk av koronasertifikatet*

Ingen kan forskjellsbehandles på grunnlag av at de ikke kan fremvise koronasertifikat, med mindre bestemmelser i eller i medhold av lov gir adgang til dette. Når sykdommen covid-19 utløst av SARS-CoV-2 regnes som en allmennfarlig smittsom sykdom, jf. § 1-4, kan departementet gi forskrifter for hele eller deler av landet om bruk av koronasertifikat som dokumentasjon **når vaksinasjonsstatus, gjennomgått covid-19 eller testresultat inngår i avgrensningen av smitteverntiltak etter loven**. Bestemmelser om at koronasertifikat er eneste aksepterte dokumentasjon, kan bare fastsettes når det anses nødvendig med effektiv og sikker verifikasjon, og det etter smitteverntiltakets art og forholdene ellers ikke vil være uforholdsmessig.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Under koronapandemien er det innført/gjennomført diverse smitteverntiltak. Nokre av tiltaka har i stor grad vore inngripande i forhold til den enkelte innbyggjar. Det er krav om smitteverntiltak skal vera forholdsmessige og i tråd med menneskerettane. Dette gjeld også for bruk av koronasertifikat. Det er gjort god greie for diverse juridiske problemstillingar i departementet sitt høringsnotat, og desse vert ikkje gått nærmare inn på i dette saksframlegget.

Det er i departementet sitt høringsnotat også gjort god greie for forslaget om justering av ordlyden i § 4A-2 andre ledd i smittevernlova. Det går fram av notatet at justeringa vil tydeleggjera at § 4A-2 ikkje i seg sjølv regulerer adgangen til å fastsetja differensierte smitteverntiltak, og at departementet meiner det vil vera ein fordel å tydeleggjera dette i lovteksten.

Det kan vera ulike syn på både om og når bruk av koronasertifikat vil vera eit forholdsmessig smitteverntiltak, samt om det vil vera rett å forlenga smittevernlova sine reglar om koronasertifikat slik departementet no foreslår.

Rådmannen vel å ikkje gje tilråding i denne saka.